

Oversikt over dugnadsinnsats

Ombygging på Kalvedalen Turisthytte

Hovudtyngda av prosjektet blir utført av innleigd entreprenør som blir henta inn på anbod. Det er likevel noko verdi som blir utført på dugnad. Alle arkitekttenester og noko prosjektering blir utført på dugnad.

Arkitektteneste blir utført av sivilarkitekt Eilif Bjørge.

Prosjektering blir utført av sivilingeniør Tore Johan Smidt, Eilif Bjørge og Karl. H. Olsen frå hytteutvalet i Bergen og Hordaland Turlag (BHT). I tillegg sit Johnny Bjørge og Marit Djupvik frå administrasjonen i prosjektgruppa.

Det er ein ganske enkel operasjon som skal gjerast og det er derfor ikkje så tungt arbeid med administrasjon og prosjektering.

Summane er henta inn av kvalifisert fagperson og prosjektleiar Johnny Bjørge som er hytte- og rutesjef i (BHT). Johnny har jobba i BHT sidan januar 2015, men har over 30 års erfaring frå byggebransjen. Johnny er Byggmeister og har jobba som sjølvstendig næringsdrivande og prosjektleiar sidan 1998. Johnny har erfaring frå byggeprosjekt ute og inne, med hytter og hus, med system som t.d. brannsikring på Bergen brannstasjon og Haukeland sjukehus. Johnny har også snekra hus i 18 år slik at han har brei heilskapleg kunnskap om oppsetting av hus og hytter. Det siste store prosjektet han gjorde for BHT var Skålabu som stod ferdig i 2016.

Arkitekt	10 000
Prosjektering	7 500
SUM	17 500

Beste helsing,

Johnny Bjørge

Hytte- og rutesjef

Bergen og Hordaland Turlag